



# Aurland kommune

Sjå vedlagde sakspapir.

Med helsing

Jan Olav Åsarmoen Møller  
rådgjevar

**Vedlegg:**

J dato      Tittel

14.02.2013      Regionalplan for Sogn Regionråd 2013 - 2016 - høyringsinnspel



# Balestrand kommune

## Plan og utvikling

Sogn regionråd  
Postboks 153  
6851 SOGN DAL

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
År/saksnr.	Dok.nr.	Sideh:
12/273	22	KAN
L.nr.		5736/13
4 APR 2013		
Ark.kode P	130	
Ark.kode S		
Kassasjonsår:	Gradert med 130	

Vår ref.  
13/116-6/AA

Arkivkode  
026

Deres ref.

Dato  
25.03.2013

### MELDING OM VEDTAK – Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - uttale

Formannskapet handsama i møte 21.03.2013 sak 15/13. Følgjande vedtak vart fatta:

**Vedtak:**

Balestrand kommune meiner det er viktig å få på plass ein Regional plan for Sogn der ein i hovudsak skal setje fokus på tema som er viktig for vidare utvikling og vekst i regionen. Planen må generelt legge opp til at kvar kommune sine fortrinn og potensiale kan bli utnytta, og på den måten kan styrke regionen samla.

Planen bør konkret ha ein noko meir finmaska og presise satsingsområde og strategiar innanfor Samferdsle. Dette er eit stort og omfattande tema der Regionen må vere aktiv overfor Stat og Fylkeskommune gjennom mellom anna utarbeiding av NTP og RTP for Sogn og Fjordane fylke. Ein bør her ha eigne målsetjingar for opprusting av infrastruktur som t.d. vegopprustning, rassikring, bruer, flyplassar og liknande. Planen bør vidare ha eigne mål og strategiar rutetilbodet i regionen med bussruter, flytilbod frå Haukåsen og ikkje minst Sognebåtane som det er vil vere fokus på.

Regionrådet bør også vurdere å ta inn eit tema om busetjing. I «*Regional analyse for Sogn*» går det klårt fram at nesten alle kommunane i Sogn Regionråd har slitt med folketalsutviklinga det siste tiåret. Samstundes veit vi at Sogn har potensiale å tilby bukvalitet få andre regionar kan vise til. Det burde ut i frå dette vere ein hovudstrategi å jobbe for butilrettelegging og tilflytting i Sogn slik det no vert gjort i t.d. i Sunnfjord og i Hardanger.

**Samrøystes.**

Med helsing

Arne Abrahamsen  
Kommunalsjef tekniske tenester

**Kopi til:**

Aurland kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Postmottak Vik Kommune, Sogndal kommune, Årdal kommune, Postmottak Leikanger,

Adresse:  
Kong Beles veg 20  
6899 BALESTRAND  
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no  
Internett: www.balestrand.kommune.no

Sentralbord: 57 65 12 00  
Telefaks: 57 69 12 05  
Bankgiro: 3805.07.00043  
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183  
Organisasjons nr 970 184 252



Sogn Regionråd  
6856 SOGNDAL  
Epost: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[karina.nerland@sogndal.kommune.no](mailto:karina.nerland@sogndal.kommune.no)

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALBOKDET			Rådmannen
Ar/saknr.	Dok.nr.	Saknr.	
12/2273	16	KAN	07.03.2013
Lnr.	3492/13		
8 MAR 2013			
Ark.kodt P	130		
Ark.kodt S			
Kassasjonsar:	Gradering: §		

### **Melding om politisk behandling - Regionalplan for Sogn regionråd 2013 - 2016 - høyring**

Vi viser til dykker oversending den 22.01.13 av høyringsdokument.

#### **«Regionalplan for Sogn regionråd - Uttale frå Luster kommune;**

Luster kommune sluttar seg til regionalplan for Sogn regionråd 2013 – 2016 med desse merknadane;

Luster kommune meiner planen bør ha større ambisjonar for interkommunalt samarbeid og ha som utgangspunkt at me i fellesskap har fått til mykje positivt for samfunnsutvikling og utvikling av tenester og næring i regionen.

Planen bør i større grad sjå mulighetene i regionen og i mindre grad peike på problem som det kan vere ulike oppfatningar av.. Planen må fokusere på heilskapen i regionen og ikkje omtale kommunegrenser som eit hinder for utvikling, men som strukturar som det regionale samarbeidet må arbeide positivt og konstruktivt innanfor.

Luster kommune støttar opp om satsingsområda i planen, men meiner desse kan styrkast og at eit par til bør omtalast i planen:

**- 3.1 - Næringsutvikling må vere eit prioritert satsingsområdeområde i regionen.**  
Jf omtale ovanfor så meiner Luster kommune at problemforståing og kommunegrenser bør omtalast meir positivt.

Tilflytting og rekruttering er eit viktig arbeid for regionen som ein kan arbeide meir aktivt med i fellesskap. Strategiar for å marknadsføra bulyst må framhevest.

Det vert viktig at me greier å utvikla gode skule- og utdanningstilbod og spesielt sikra eit vidaregåande skuletilbod som sikrar at ikkje ungdommane våre i større grad enn no vert hybelbuarar.

**-3.2 - Fleire felles strategiar innan samferdsle, ev oppdeling i fleire hovudpunkt.**  
Rassikring er ei felles utfordring for regionen og vegløyvingar både til stamveg og fylkesvegar er ei kjempeutfordring. For regionen og Luster er det viktig å få fokus på Sognefjellstunnellane og FV 55.

Samferdsletilbodet på aksjen Leikanger- Sogndal- Luster er spesielt viktig for ein godt fungerande bu- og arbeidsmarknad for vår kommune.

Nye tiltak som kan betre den interne kommunikasjonen i regionen som ferjefrekvens, busstilbod og overgang/samanhangar mellom privatbil og kollektivtilbod vil vere viktige for utviklinga i regionen.

Tiltak for mjuke trafikantar, trafikktrygging mv kan og vere eit felt å drøfte nærmare for

ADRESSE: Rådhuset 6868	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: <a href="mailto:postmottak@luster.kommune.no">postmottak@luster.kommune.no</a>	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
------------------------------	---	------------------------	---	---

fellesstrategiar.

**-3.3 - Omformulering og fleire strategiar innan satsingsområde helse.**

Lokalmedisinsk senter i Lærdal er eit av tiltaka som inngår i kommunane sitt arbeid for gjennomføring av samhandlingsreforma. Tiltak i eigen kommune og anna geografisk samarbeid utfyller dette arbeidet. Skal ein nå fram til gode løysingar på dette området så må ein respektere kommunestyre-vedtak og leggje opp til differensierte og distribuerte løysingar der ein samarbeider om dei områda der det ligg til rette for det. Folkehelse, psykiatri og barnevern er viktige andre område innan helse der samarbeidet i regionen bør styrkast med felles strategiar.

Luster kommune ser det vidare som viktig at:

-Regionen og regionrådet er ein kraftfull og aktiv lobbyist/pådrivar i saker som råkar regionen som innspel utanfrå. At regionrådet står saman i «utanrikspolitikken» vil vere ein stor styrke i arbeidet.

-Tenestesamarbeid i regionen kan utviklast vidare. Dette kan vere samla for Sogn regionråd eller i to ev tre ulike konstellasjonar i regionen. Luster kommune meiner det er eit potensiale i utvida tenestesamarbeid og peiker på teknisk, landbruk, PPT, kultur som aktuelle eksempel. Kommunen meiner det og her finst område der Luster vil vere ein naturleg vertskommune.

Ein strategi for god samordning og koordinering av tenestesamarbeidet vil og styrka legitimitet og vidare utvikling av det regionale samarbeidet og kvaliteten på tenestene.»

Med helsing

Ivar Kvalen  
ordførar

Kopi til:

Alle kommunane i Sogn Regionråd

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
År/saksnr 12/2273	Dok.nr. 19	Saklch: KAN
L.nr. 4033	/13	
14 MAR 2013		
Ark.kode P	130	
Ark.kode S		
Kassasjonsnr.	Gradering: \$	

Sogn regionråd  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Odd Arve Rakstad

57 65 56 02

13/134/OAR  
026//&30

14.03.2013

## MELDING OM VEDTAK

### **Sak 16/13 Høyring av regionalplan for Sogn Regionråd 2013-2016**

Kommunestyret handsama saka i møte 07.03.2013 og gjorde fylgjande vedtak:

**Leikanger kommunestyre har ikkje merknader til planen.**

Samrøystes

Med helsing

Odd Arve Rakstad  
Rådmann



# Lærdal kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
037/13	Formannskapet	26.02.2013
019/13	Kommunestyret	07.03.2013

Sakshandsamar: Monika Lysne

Arkiv: K2-L12

Arkivsaksnr. 13/73 – 2

### Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - uttale frå Lærdal kommune

#### Kort samandrag

Strategidelen i Regionalplan for Sogn regionråd er sendt på høyring til alle kommunane i regionen. Planen skal leggjast fram til vedtak i regionrådet i april.

### 07.03.2013 KOMMUNESTYRET

#### Framlegg frå ordføraren:

Punkt 3.3.1 i Regionalplan.

##### Strategi

- Bygge opp om og utvikla tenester og kompetanse knytt til lokalmedisinsk senter i Lærdal.
- Samla ressursar og kompetanse til lokalmedisinsk senter.

Punkt 3.1.5

##### Strategi

- Arbeida for at Hydro moderniserer i Årdal med det nyaste av teknologi utvikla av teknologimiljøet i Årdal.

#### KS-019/13 VEDTAK:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken med endringsframlegg frå ordføraren.

## Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til Regionalplan for Sogn Regionråd 2013-2016 med følgjande merknadar:

1. Kommunestyret er samd i at dei prioriterte satsingsområdene i perioden skal vera næringsutvikling, samferdsle og helse, men meiner andre samarbeidsområde også kan omtalast.
2. *Samferdsle*  
*3.2.1. Strategi:*
  - *Arbeida for å betra regularitet og infrastruktur i og ut av regionen*  
Dette punktet bør konkretiserast meir. Det bør og nemnast at regionrådet skal arbeida for å retta fokus på oppgradering og vedlikehaldet av regionen sin del av fylkesvegnettet.
3. Kommunestyret meiner det er svært positivt at lokalmedisinsk senter i Lærdal er omtala under kapittelet helse, og ser det som viktig at helsesamarbeidet i regionen vert løfta opp på regionrådsnivå. I tillegg meiner kommunen at kapittelet bør utvidast med eit generelt punkt om samarbeid om betring av folkehelsa i regionen.

## 26.02.2013 FORMANNSKAPET

### FS-037/13 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.01.2013	Brev.pdf	65007
17.02.2013	Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 høyring.pdf	65008
17.02.2013	Regional analyse Sogn 2012.pdf	65009

#### Saksutgreiing

Gjeldande Regionalplan for Sogn Regionråd er for 2009 – 2012. Det vert no arbeida ny regionalplan for 2013-2016, som består av ein strategisk del og ein tiltaksdel.

Regionalplanen er eit viktig verktøy for å utvikla regionen.

Regionrådet har lagt opp til ein brei planprosess med arbeidet med Regionalplanen, og det har blant anna vore arbeidsverkstad med alle formannskapa. Telemarkforskning har laga ein regionalanalyse for Sogn som er vedlegg til regionalplanen. 07. desember 2012 vedtok regionrådet å senda utkast til plan på høyring. Planen består av ein strategiplan og ein tiltaksplan. Tiltaksplanen er prioriteringar av årlege tiltak i lys av strategiplanen og

tilgjengelege ressursar. Det er berre strategidelen som vert lagt fram til handsaming i kvar kommune. Regionalplanen skal leggajst fram til vedtak i Sogn Regionråd i april.

### **Vurdering**

Administrasjonen meiner Regionalplan for Sogn Regionråd er eit godt utgangspunkt for å samarbeide om å utvikle regionen dei neste åra. I planen er dei prioriterte satsingsområda næringsutvikling, samferdsle og helse, og administrasjonen er samd i desse prioriteringane. Samstundes kunne kanskje også andre samarbeidsområde fått noko omtale i planen.

Næringsutvikling har fått mest plass i planen, og Regionalplanen har ein god prioritering av dei viktigaste satsingsområda for næringsutvikling. Administrasjonen vil spesielt understreke kor viktig det er for reiselivet at Visit Sognefjord kjem fort i gang med sitt arbeid, og at det vert arbeida med å forlenga sesongen og sikre heilårs arbeidsplassar innanfor reiselivet.

Når det gjeld samferdsle, er dette eit svært viktig samarbeidsområde, som administrasjonen meiner planen fangar opp på ein god måte. Men punktet om å ”arbeida for å betra regularitet og infrastruktur i og ut av regionen” bør konkretiserast meir. Kva meinast med dette? Gjeld det kollektivtransport? Veggnett? Fly eller ferje? Det er også viktig at arbeidet med fylkesvegnettet vert nemnt i planen, både når det gjeld oppgradering og vedlikehald.

Under punktet Helse er det sett opp mål og strategiar for lokalmedisinsk senter i Lærdal. Administrasjonen meiner det er svært viktig og riktig at helsesamarbeidet i regionen vert løfta opp på regionrådsnivå. Under punktet Helse bør det også nemnast noko om samarbeid om folkehelsearbeidet generelt i regionen.



Sogn regionråd

6851 SOGNDAL

SOGN DAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
År/saksnr	Dok.nr.	Saknr
12 (2273)	13	KAN
L.nr.	3099/13	
1 MAR 2013		
Ark.kode P	130	
Ark.kode S		
Kassasjonsår	Gjeldende	

**Rådmannen**  
Sakshandsamar:  
Jostein Aanestad  
Tlf: 57 62 96 10  
Vår ref.  
13/381-4  
Arkiv  
130  
Dykkar ref.

**Dato**  
20.02.2013

## Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016. Høyring.

### Melding om vedtak

Kommunestyret handsama saka i møte 14.02.2013 sak 9/13, og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 slik den ligg føre.

Med helsing

Jostein Aanestad  
rådmann

Vedlegg: Saksframlegget.

## **Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016, del 1: strategiplan.**

### **Pkt.2 Regionale utfordringar**

**Det overordna målet med å oppretthalde folketalet, sysselsetting og eit aktivt liv i bygdene er for defensivt formulert.**

#### **Pkt.3.1.5. Teknologi og industri**

- For lite framheva
- Sjå på den kronologiske oppbygginga
- Teknologisk tenesteproduksjon

#### **Pkt.3.1.6. Tilflytting og rekruttering**

- For defensivt
- Breiare inkluderingsstrategi
- Kva med studentane? Arbeide for å trekke unge kvalifiserte personar til Sogn.
- Mobilisere og inkludere ein større del av arbeidsstyrken i arbeidslivet



# Vik kommune

## IKT og Tenestetorg

Sogn regionråd v/Karina Nerland  
PB 153

6851 SOGNDAL

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
Arkiv numr.	Dok numr.	Sett i b.
12/2273	75	KAN
Lnr.	3267/13	
6 MAR 2013		
Ark.kode P	130	
Ark.kode S		
Kassasjonsar:	Gradering: §	

Vår ref. Dykker ref. Sakshandsamar Direktenr. Arkiv Dato:  
13/93-3 Åse Berit Balvoll 57 69 82 10 K1-130, K3-&13 04.03.2013

## MELDING OM VEDTAK

### Regionalplan for Sogn regionråd 2013 - 2016

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### Rådmannen si tilråding

Saka blir lagt fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 slik den ligg føre.

### 21.02.2013 FORMANNSKAPET

I drøftingane var det semje om at Vik må gje innspel til regionrådet om at heller ikkje fylkesgrensene ikkje må vera hinder for samarbeid. Det må vera legitimt for Vik kommune å samarbeida med Voss dersom dette blir vurdert å vera føremålstenleg. Rådmannen vart beden om å innarbeida dette i eit nytt framlegg til vedtak ved handsaming av saka i kommunestyret.

#### FS-018/13 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 slik den ligg føre.

Postadr.:	Telefon:	57 69 82 00	Bankgiro:	Org.nr	E post:	Heimeside
Vik kommune	Telefaks:	57 69 82 01	4202.38.41546 m/kid	937498764	<a href="mailto:post@vik.kommune.no">post@vik.kommune.no</a>	<a href="http://www.vik.kommune.no">www.vik.kommune.no</a>
Postboks 134			4202.38.41511 u/kid			
6891 Vik i Sogn						

## **28.02.2013 KOMMUNESTYRET**

Morten Holmberg (V) sette fram forslag om ein del tilføyinger som kommunestyret samrøystes slutta seg til.

### **KS-008/13 VEDTAK:**

Kommunestyret sluttar seg til regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 med følgjande framlegg til tilføyinger/endringar:

Punkt 3.1.1 Fylkesgrenser – kommunegrenser – hinder eller utvikling? Under strategiar:

- Tenkje region som heilskap og byggje ned kommune- *og fylkesgrenser* som hinder for utvikling

Punkt 3.1.7 Utdanning, skule og kompetanse, nytt kulepunkt under strategiar:

- *Medverka til at færrest mogeleg elevar må bu på hybel for å ta vidaregåande utdanning*

Punkt 3.2.1 Samferdsle, tillegg til kulepunkt under strategi:

- Arbeida for betre fly- *og ferjetilbod*

Punkt 3.3.1 Lokalmedisinsk senter i Lærdal

Mål

Tryggje eit likt og kvalitativt godt helse og omsorgstilbod til innbyggjarane i regionen på tvers av kommune- *og fylkesgrenser*.

Kapittel 4 Arbeidsform

*Regionrådet skal ha som målsetjing å vere med på å styrkje nynorsken.*

Samrøystes.

Med helsing

Oddbjørn Ese  
Rådmann

Åse Berit Balvoll  
Politisk sekretær

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Dok.dato      Tittel  
12.02.2013    Regionalplan for Sogn regionråd 2013 – 2016  
                  -sakspapir k.sty

Dok.ID  
84709

# Årdal kommune

Sogn Regionråd

6851 SOGNDAL

SOGNDAK KOMMUNE		SENTRALARKIVET	
Ark.kode	1212273	Dok.	SØKNAD
Linn.	3942/13		RAN
13 MAR 2013			
Ark.kode P	130		
Ark.kode S			
Kasasjonsår:	Gjeldende s		

Vår ref. Dykker ref. Sakshandsamar Direktenr Arkiv Dato:  
13/155-4 Arild Ingar 57665005 K1-130, K3-&85 13.03.2013  
Lægreid

## MELDING OM VEDTAK

Melding om vedtak - regionalplan for Sogn Regionråd 2013 - 2016

#### **Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

Tilråding

Kommunestyret sluttar seg til Regionalplan for Sogn Regionråd 2013-2016

26.02.2013 FORMANNSKABET

Formannskapet arbeider vidare med framlegget til Regionalplan for Sogn Regionråd fram til kommunestyremøtet.

FS-016/13 VEDTAK:

Formannskapet arbeider vidare med planen fram til kommunestyremøtet og endelig handsaming

07.03.2013 KOMMUNESTYRET

Hilmar Høl, AP, kom med framlegg om følgende endringer:

### Punkt 3.1.5 Teknologi og industri Ekstra setning under strategi:

- Arbeide for at Hydro moderniserer i årdal med det nyaste av teknologi utvikla på teknologisenteret i Årdal

**Punkt 3.3.1 lokalmedisinsk senter i Lærdal**

Endre strekpunkt 1 og 2 under strategi;

- Bygge opp om og utvikla tenester og kompetanse knytt til lokalmedisinsk senter i Lærdal
- Samle ressursar og kompetanse til lokalmedisinsk senter i Lærdal

Endring under innleiinga avsnitt 5;

Tilføyning; Sogndal er definert som regionssenter og har eit særskilt ansvar for verdiskaping i heile regionen.

Erling Offerdal, SP, kom med framlegg om nytt strekpunkt under 3.1.3;

- Satse på landbruk slik at ein når målet om auka matproduksjon

Marie Helene H. Brandsdal, AP, kom med framlegg på tillegg/endring:

**Pkt 2 regionale utfordringar**

Eit overordna mål med regionrådet sitt arbeid er å halde vedlike og vidareutvikla ei attraktivt bu- og arbeidsmiljø i heile regionen, for å oppretthalda folketal, sysselsetting og eit aktivt liv i bygdene.

**3.1.6 Mål**

Hindra fråflytting og rekruttera arbeidskraft til regionen.

**Nytt strekpunkt 4**

- arbeide for å hindre fråflytting i regionen

**Nytt strekpunkt 5**

- prioritere næringsutvikling i kommunar som er fråflyttingstrua

Forsлага vart teke opp til røysting.

Røysting.

Forsлага vedteke samrøystes.

**KS-014/13 VEDTAK:**

Forsлага vert sendt som innspel til Regionalplan for Sogn Regionråd 2013-2016.

Med helsing  
Årdal kommune

Arild Ingar Lægreid  
Ordførar



Sogn regionråd

postboks 153  
6851 SOGNDAL

## **Høyringssvar - Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016**

Vedlagt følgjer vårt innspel til utkast til regionalplan. Vi ønsker lykke til med det vidare arbeidet.

Beste helsing

Åse Løkeland  
rektor

**Georg Arnestad  
seniorrådgjevar**

### **Vedlegg**

- Fråsegn om «Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016»

SOGN DAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET		
År/saksnr.	Dok nr.	Sjekk:
12/2273	23	KAN
L.nr.		5833/13
8 APR 2013		
Ark.kode P	130	
Ark.kode S		
Kassasjøysår:	Gradepunkts	

HØGSKULEN I  
SOGN OG FJORDANE

## Fråsegn om «Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016»

Vi har fått tilsendt utkast til regionalplan (strategidelen) saman med Telemarksforskning (TF) sin rapport «Regional analyse for Sogn.»

### 1. Bakgrunn: TF-rapporten «Regional analyse av Sogn»

TF-rapporten viser til at regionen har hatt svak folkevekst og svak arbeidsplassutvikling på 2000-talet. Tilstanden har betra seg noko dei aller siste åra. Auka nettoinnvandring ligg bak mesteparten av folketalsauken siste åra. Ein noko ugunstig næringsstruktur ligg bak den svake arbeidsplassveksten. Regionen har òg høg næringsmessig «sårbarhet.» Årdal har høgast næringsmessig sårbarheit av alle kommunane i landet.

Samtidig har Sogn gjort det godt i siste «Nærings-NM», og plassert seg som nr 20 av 83 regionar. Dette skuldast bl.a. relativt mange nyetableringar og mange føretak i vekst. Sogndal var her nr. 4 av samlede kommunar i landet. Attraktivitetsanalysen viser at Sogn har ein «bostedsattraktivitet som middels av norske regioner.» Dette betyr at den svake befolkningsutviklinga skuldast den svake arbeidsplassutvikling i regionen. Analysen peikar elles på at kommunane har svært ulike «attraktivitetsprofiler.»

I det mest sannsynlege scenarioet får regionen ein befolkningsvekst på 18,5 pst. fram til 2040. SSB sin middelprognose viser ein vekst på 12,8 pst. Dette skuldast at TF i sitt scenario legg til grunn ein høgare arbeidsplassvekst i Sogn enn det SSB gjer. I begge alternativa er det sterkt folkevekst i Sogndalsområdet.

### 2. Regionalplanen (strategidelen)

Planutkastet er delt inn i ein innleiingsdel, ein del om regionale utfordringar (folketalsutvikling, sysselsetjing) og ein del som skisserer mål og strategiar innanfor dei tre satsingsområda: næringsutvikling, samferdsle og helse. Til slutt kjem eit avsnitt om arbeidsform vidare.

Planen legg særleg vekt på næringsutvikling. Det tykkjer vi er bra. Men under dette punktet har fleire av dei nemnde tiltaka karakter av å vere tiltak for å betre infrastrukturen i regionen. Det gjeld blant anna spørsmålet om fylkes- og kommunegrenser, om vekst i statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i Sogn og om utdanning, skule og kompetanse. Vi er samde med regionrådet at dette er spørsmål som har mykje å seie for den framtidige utviklinga av Sogn. Men sidan dette er forhold som kommunane i regionrådet i relativt stor grad har kontroll over, kunne ein ønske seg noko klarare og meir målretta strategiar. Dette gjeld særleg i planens del 3.1.1 «Fylkesgrenser – kommunegrenser – hinder eller utvikling».

Vi vil til slutt peike på tre forhold som vi tykkjer planen i noko større grad bør avspegle.

#### *Sogndals rolle*

Som rimeleg er, har planutkastet eit klart regionperspektiv der ein ser utviklinga i og behovet for heile regionen under eitt. Det kan vere ein styrke i nokre samanhengar. Det er likevel eit faktum at regionsenteret Sogndal spelar ei stadig større rolle i og for regionen. Det gjeld både

befolknings- og næringsutvikling. Sogndal har i dag 26 pst. av befolkninga i regionen. I 2040 vil denne delen auke til vel 32 pst (SSB middelalternativet). Folketalsveksten i dei andre kommunane vil vere betydeleg mindre enn i Sogndal. I nokre av kommunane kan det bli nedgang eller stillstand, ifølgje SSB-prognosane.

Etter vårt syn burde ein regionplan ta dette innover seg som eit viktig premiss for den framtidige utviklinga i regionen. I denne samanheng vil vi understreke at Sogndal har den mest moderne næringsstrukturen og at befolkninga her har ei gunstig alders- og kjønnssamansetjing. Dette er viktige faktorar for framtida, og understrekar den nøkkelrolla Sogndal vil kunne spele for utviklinga av heile regionen. Dette går også fram av TF-rapporten.

### *Kunnskap og kompetanse*

Analysen til Telemarksforsking peikar på at arbeidsplassutvikling er det avgjerande for utviklinga av regionen. I den samanheng hadde det vore ønskjeleg at planen i større grad hadde drøfta tiltak for utvikling av arbeidsplassar. Arbeidsplassar oppstår der det er behov for eit produkt eller ei teneste, offentleg eller privat. På Leikanger har ein t.d. demonstrert korleis ein med å identifisere offentlege tenester det er behov for og setje fram forslag om i ivareta dei i tilknyting til anna eksisterande verksemd, har lykkast.

Kan Sogn regionråd bidra til identifikasjon av produkt eller tenester regionen kan levere? Høgskulen i Sogn og Fjordane utdanner ca. 530 kandidatar årleg. 65 pst. av studentane våre vert rekrutterte utanfor fylket. Ca. 45. pst av studentane arbeider i fylket etter fullført utdanning. Høgskulen kan sjåast på som ein institusjon som utdanner til arbeidsplassar i Sogn og Fjordane. Men høgskulen kan (og bør) òg betraktast som ei næring på linje med andre verksemder som dekkjer behov utanfor regionen. Kunnskapsnæringane er ei næring i klar vekst. Vi trur at vekstmuleheitene for desse næringane kan verte betre i regionen vår.

Høgare utdanning og forsking er ei betydeleg vekstkraft i seg sjølv, ikkje berre ein leverandør av arbeidskraft og utgreiingar. Vi meiner dette burde ha vore streka tydelegare under i strategiplanen. Sogn har her ein komparativ fordel samanlikna med andre delar av fylket. Med utviklinga av Fosshaugane Campus har ein fått til ei samlokalisering av fylkets største kunnskaps-, forskings- og kompetansemiljø. Høgskulen er den største av aktørane på Campus. Utviklinga dei siste åra representerer ei styrking av heile regionen, og vil også kunne vere eit viktig bidrag i den framtidige utvikling av regionen. Vi ønskjer ein aktiv dialog med Sogn regionråd om korleis vi best kan vere til nytte i det vidare arbeidet med å utvikle sogneregionen.

På dette området kan vi òg hente nyttige erfaringar og lærdom om samarbeidet mellom region, næringsliv og høgare utdanning i andre regionar. På Vestlandet gjeld dette både Stavanger-, Bergens- og Ålesundsregionen.

### *Innvandring*

Folkeauken i dei fleste kommunane i Sogn siste åra skuldast i hovudsak auka innvandring. Talet på innvandrarar (inklusive norskfødde med innvandrarføldre) i dei åtte kommunane i Sogn regionråd var i år 2000 677 personar. I 2012 var dette talet 2.037, i 2008 var det 1.295. Så lenge ein vekst i folketalet er ei målsetjing, bør kommunane i Sogn i betydeleg sterkare grad enn i dag arbeide med å utforme klare strategiar og konkrete tiltak for å leggje til rette for at innvandrarane buset seg i kommunane. Om ønskjeleg, kan HiSF medverke i dette arbeidet.